

INNLEIING	2
ORGANISASJON	4
ORDFØRAREN	5
Kraftpolitikk	5
Samferdsel og kommunikasjon	6
Fjellregion- og distriktpolitikk	7
Lokalsamfunnsutvikling, kultur og omdøme	8
RÅDMANNEN	10
Samfunn	10
ØKONOMI	12
Vinje samanlikna med andre	12
Drift	15
Verksemda i 2009	20
SAMFUNN OG LIVSKVALITET	24
Sysselsetjing	24
Folketalsutvikling	25
Bustadbygging	26
Livskvalitet	27
SERVICE	28
Informasjon	28
Tenestetorget	29
MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJONEN	30
Nedgang i årsverk	30
Likestilling	30
Personalpolitikk	31
25-års jubilarar og pensjonistar	31
Organisasjonsutvikling	31
Kompetansekartlegging	31
Sommararbeid for ungdom	32
Lærlingar	32
Vinje kommunale bedriftshelseteneste	33
Tillitsvalde	33
PLAN OG UTVIKLING	34
Kart- og oppmåling	34
NÆRING	35
Næringskontoret	35
SKULE	36
BARNEHAGE	40
HELSE OG OMSORG	42
Vinje helse	42
Vinje sjukeheim	44
Vinje heimetenester	45
TEKNISK DRIFT	46
Drift – og vedlikehald	46
Reinhald	47
KULTUR	48
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD	51

INNLEIING

Rådmannens kommentarar

Årsmeldinga er ein del av årsrekneskapen. Den skal gje ei kort skildring av hovudaktivitetane i kommunen gjennom året. Meldinga vil også ha ein del KOSTRA-tal som kan gje eit bilete av drifta i kommunen samanlikna med andre kommunar og landet elles.

2009 har vore eit krevjande driftsår for Vinje kommune. Kommunen har vore prega av høg aktivitet og me har sett at sjølv ikkje i Vinje kan dei kommunale budsjetta vekse inn i himmelen.

Ei undersøking Forbrukerrådet gjorde på slutten av 2009 synta at Vinje var beste kommune i landet når det gjeld informasjon om tekniske tenester. Det er ikkje fyrste gong kommunen har kome høgt opp i ei slik undersøking og testen har ført til mykje positiv merksemd om kommunen og har vore med å på å gje kommunen eit godt omdøme særleg utanfor kommunen.

Kommunen har i mange år vore prega av nedgang i folketalet og rådmannen skreiv optimistisk i årsmeldinga for 2008 at "ved utgangen av 2008 opplevde kommunen ei auke i folketalet. Om det berre er eit blaff er for tidleg å si, men rådmannen vel å tru at det er resultatet av den aktivitetsauka som har vore i kommunen de siste åra." Trass i at aktivitetsauka held fram har og nedgangen i folketalet halde fram. At mange distriktskommunar slit med same problem er til lita trøyst, men det er vanskeleg å sjå klare orsakar og ikkje minst vanskeleg å finne gode botemiddel. Folketalsutviklinga er noko kommunen framleis må ha stort fokus på.

Vinje kommune har lenge hatt høg aktivitet i hyttebygginga. Da finanskrisa slo inn hausten 2008 skulle ein tru det blei heilt stopp. Men slik har det ikkje vore. I 2009 har det vore vekst i salet av tomter og i byggemelde hytter og leilegheiter. Dei bustadfelte kommunen har lagt ut er og i ferd med å bli fylt opp og kommunen må utvide bustadfelte og sjå seg om etter nye. Alt dette gjer store positive ringverknader i lokalsamfunnet. Kommunen har sett det som viktig å styrke infrastrukturen i alle deler av kommunen, men utvidinga av handelssenteret i Åmot har vore ein særskild krevjande sak både politisk og administrativt. Men i 2009 blei endeleg den langvarige striden om arealdisponeringa på Åmothaugen løyst og det er nå lagt grunnlag for ei sers positiv utvikling i området. Det er og sett i gong eit utviklingsarbeid for området rundt den gamle hotelltomta – Åmot nord.

Kommunen har i 2009 investera for 113 millionar kroner. Til dømes er 28 millionar bruka til kommunale grunnlagsinvesteringar i vatn og avløp. Dette er tiltak som ligg under jorda og er vanskeleg å sjå, men som gjer grunnlag for at hus- og hyttebygginga kan halde fram og gje arbeid til mange lokale verksemdar. Til gang- og sykkelvegar og kommunale vegar er det bruka 5 millionar kroner, til Juvbakk bustadfelt og prøvebustad i Øyfjell er det bruka 6 millionar kroner. Dei største einskilte prosjekta som er fullførte i 2009 er den nye idrettshallen i Rauland som blei teken i bruk på sommaren og utvidinga av Hakkespetta barnehage. Dette er alle investeringar som gjer merkbare betringar av tenestetilbodet til innbyggjarane.

Kommunen har store inntekter frå kraftproduksjonen og større handlefridom enn mange andre kommunar, men skatteinngangen kunne vore betre i 2009. 10 millionar kroner under opphavleg budsjett er ikkje noko godt resultat sjølv om det treffe godt i høve til revidera budsjett. Tradisjonell god kommune-

økonomi gjer at krava og forventningane frå innbyggjarane aukar på alle område. Men drifta i 2009 syner og at altfor mange einingar går med underskott. Når veksten i kommuneøkonomien nå vil flate ut er dette ei utvikling som ikkje kan halde fram. Kommunen kan vera i ferd med å legge seg på et så høgt driftsnivå at det blir umogeleg å møte hardare tidar. Det vil ikkje lenger vera slik at alle problem kan løysast ved at det løyvast meir pengar. Det å få betre balanse mellom budsjett og dei faktiske driftskostnadane vil derfor vera ei viktig oppgåva i åra framover. Men samanlikna med andre kommunar har Vinje eit særst godt tenestetilbod og sjølv om økonomien ikkje vil halda fram med å vekse vil kommunen framleis ha eit god tilbod til alle.

Dei låge straumprisane i Vinje gjer det lite lønsamt å satse på alternative energikjelder i offentlege bygg, bustader og hytter. Men ordninga med å bruke 2 øre av straumprisen til eit energiøkonomiseringsfond er vidareført. Dette fondet har vore bruka til kommunale bygg, private verksemder og private husstandar. Det har vore stor etterspurnad etter midlane og dei blei fort bruka opp. Med meir fokus på klimaproblem og ulempene ved auka energibruk er dette eit område kommunen må arbeide med i tida framover. Medan straumforbruket elles i landet har hatt ein viss nedgang har forbruket i Vinje auka. Det er derfor eit ope spørsmål kor lenge kommunen kan halde fram med ordninga som sikrar låge straumpri- sar til fastbuande og hyttefolk.

Vinje kommune deltek i fleire internasjonale prosjekt og dette arbeidet gjer kommunen nyttige impulsar til å arbeide for ein nasjonal fjellpolitikk. Fjellregionsamarbeidet er nå meir formalisert og ein har fått eit godt samarbeid med regjeringa om den framtidige utforminga av fjellpolitikken. Representantar frå Vinje er med i leiinga i Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK) og i Utmarks kommunanes Samanslutning (USS). Det er sett i gong eit omfattande planarbeid rundt Hardangervidda Nasjonalpark og i Setesdalsheiane og Setesdal Austhei og dette arbeidet er viktig med tanke på å legge grunnlag for ein god busetting og næringsutvikling i fjellområda. Vinje kommune er og kome med i prosjektet Vidda Vinn som tilfører kommunen viktig kompetanse og økonomiske ressursar.

Utfordringane står i kø, men Vinje kommune er klar til å møte framtida!

ORGANISASJON

Rådmann
Hans Kristian Lehmann



Assisterende rådmann
Sissel Jacobsen Bitustøyl



Plan- og økonomisjef
Jan Myrekrok
Økonomi, plan og utikling



Organisasjonssjef
Aud Groven
Organisasjon,



Tenestetorgsjef
Eystein Matheussen
Tenestetorget



Kultursjef
Signe Marie Kittelsaa
Kultur



Reinholdssjef
Gunn Brox Lauritzen
Reinhold og tekstil



Næringssjef
Toril Nicolaisen
Næringskontoret



Barnehagesjef
Heidi Rønningen
Rauland barnehage



Oppvekstsjef
Sindre Hestdalen
Øyffjell oppvekstsenter



Oppvekstsjef
Knut Krossbakken
Vinje oppvekstsenter



Skulesjef
Unni Hansen
Rauland skule



Skulesjef
Anne Margrethe Bjåen
Edland skule



Skulesjef
Anders Sandvik
Åmot skule



Barnehagesjef
Katrine Grindalen
Edland barnehage



Barnehagesjef
Gerd Lyngstad Kroken
Hakkespetta barnehage



Institusjonssjef
Liv Heidi Negarden
Vinje sjukeheim



Heimetenestjesjef
Alv Dag Brandal
Vinje heimetenester



Helsesjef
Ann Wraa
Vinje helse



Kjøkensjef
Torgrim Thomassen
Vinje kjøkendrift



Driftssjef
John Kleiv
Teknisk drift og vedlikehold

ORDFØRAREN

DET POLITISKE ÅRET

I det lokale mediebletet er det nokre politiske saker i Vinje som i 2009 har fengi større merksemd enn andre. Eitt tema er alle dei samanvevde prosessane som gjeld ut viklinga av Åmot sentrum eller Åmot-haugen; eitt anna er diskusjonen som med utgangspunkt i legesituasjonen på Rauland har reist spørsmålet om korleis det medisinske tilbodet i kommunen bør organiserast. I ein vidare krins har kommunen fengi særleg mykje omtale for innsatsen på område som kultur og integrering; og posisjonen som ein av dei leiande reiselivskommunane i Telemark er styrkt.

Politikarane og administrasjonen i Vinje har opplevd at den økonomiske situasjonen er meir krevjande i 2009 enn i åra før. Også hjå oss er det ein tydeleg tendens til at utgiftene aukar meir enn inntektene, og det ser ikkje ut til å bli slutt på store investeringsoppgåver.

Det skulle elles gå fram av meldinga nedanfor kor stor innsats ein kommune som Vinje må gjera i dag – åleine eller helst saman med andre – for å påverke politikk og lovgjeving på riksplan. Attåt det regionale samarbeidet i Vest-Telemark deltek me på faste møte og samlingar i organisasjonar som er skipa for å kjempe for interesser som er viktige for oss (som Landssamanslutninga av vasskraftkommunar, Utmarks kommunanes samanslutting, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Fjellregionsamarbeidet), i selskap med meir avgrensa føremål (som AS Haukelivegen og Norsk Bane AS) og i stadige dialogar om ulike saker med Stortinget og styringsverket på nasjonalt og regionalt plan. Dei geografisk omfattande prosessane knytte til forvaltninga av dei store utmarksområda våre krev òg mykje tid og ressursar.

Mange av sakene i politikken er prosessar som dreg seg over fleire år, og er såleis omtala meir utførleg i tidlegare årsmeldingar. Sume er òg omtala i andre delar av denne årsmeldinga, særleg i meldinga frå rådmannen.

Kraftpolitikk

Inntektene som har utspring i kraftproduksjonen i Vinje (skattar, konsesjonsavgifter og sal av konsesjonskraft) utgjorde i 2009 40,12% av kommunens samla inntekter. Samstundes har vasskraftutbygginga sterkt påverka naturlandskapet og bruken av det. Kraftpolitikken vil derfor jamt vera eit høgt prioritert felt i kommunen. Dette er nokre av hovudsakene i 2009:

- Samarbeidet mellom Statkraft og kommunane Tokke og Vinje om *vilkårsrevisjonen for Tokke-Vinjevassdraget* og om ein felles forvaltingsplan for dette vassdraget har vori godt også i 2009. Det har likevel komi fram ei usemje mellom partane kring prinsipielle spørsmål ved revisjonsprosessen. Denne usemja må løysast ved at staten (ved NVE eller Olje- og energidepartementet) gjev klårare retningsliner enn i dag. Revisjonsutvalet i LVK samordnar arbeidet i kraftkommunane på dette feltet. I tillegg har Tokke og Vinje ein meir direkte kontakt med dei kommunane som styrer med revisjonen av Aura-vassdraget.

- *Ny konsesjon for reguleringa av Møsvatn:* Etter at NVE sende si innstilling til OED (sjå årsmeldinga for 2008), er den viktigaste oppgåva for kommunen å presentere for departementet ei overtydande grunningjeving av kravet om nytt manøvreringsreglement og eit rimeleg næringsfond. I tråd med dette blei det den 1. september haldi ei synfaring på Møsstrand der partane deltok, og eit drøftingsmøte etterpå. Denne dialogen held fram i 2010.
- For at den framforhandla *avtala om fordelinga av konsesjonskraft* mellom Telemark fylkeskommune og 8 kommunar i Øvre Telemark skulle bli gjeldande, måtte ho vedtakast av alle kommunestyra og fylkestinget. Kommunestyret i Vinje hadde avtala på saklista 11. juni. Då hadde alle dei hine kommunestyra slutta seg til ho, men i Vinje skjedde tilsluttinga med ordførarens dobbeltrøyst, altså med snauast mogleg margin. Det var likevel nok til å hindre at saka blei sendt over til rettsapparatet. 1. januar 2011 erstattar den nye avtala den som gjeld i dag.
- Ordførar Arne Vinje presenterte røynslene frå og resultatata av kraftutbygginga i Vinje på eit seminar om energiproduksjon og samfunnsutvikling som den norske ambassaden i Kathmandu arrangerte for politikarar og embetsverk i Nepal, i månadsskiftet februar – mars.

Samferdsel og kommunikasjon

For innbyggjarane og næringslivet i ein kommune som rett nok ligg sentralt i Sør-Noreg, men langt frå større byar og tettstader, er det viktig å redusere ulempene som fylgjer av avstandane. Gode vegsamband er såleis ein føresetnad for samfunnsutviklinga i Vinje. Også når det gjeld elektronisk kommunikasjon (breiband) og telefoni, må distriktkommunane ha minst like gode tilbod som sentrale strom. Vinje kommune har i tillegg vori ein pådrivar for å setje ut i livet dei stadig meir realistiske planane om ein høgfartsbane over Haukeli.

- *E 134:* Etter at planane for nye tunnelar over Haukeli blei ferdige, er arbeidet med å finansiere bygginga sett i gang. Kommunestyret vedtok på junimøtet å slutte seg til opplegget for delvis brukarfinansiering (gjennom bompengar), og gjekk inn for at Statens vegvesen snarast råd startar opp arbeidet med detaljplanlegging av strekninga.
- *AS Haukelivegen og arbeidsgruppa for E134 og RV36* har gjennom året arbeidd aktivt for andre prosjekt langs desse vegstrekningane. 26. oktober møtte styret i AS Haukelivegen samferdselsminister Magnhild Meltveit Kleppa og den politiske leiinga i departementet. I samråd med Statens vegvesen er det sett i gang eit arbeid for å utgreie ein ny trasé mellom Åmot og Vinjesvingen på vestsida av Møsvatn.
- *Fylkesvegane:* Eit (av få) resultat av regionreforma var at fylkeskommunen frå nyttår overtok ansvaret for alle riksvegane som ikkje har stamvegstatus. Ressursane er likevel framleis heilt utilstrekkelege, og det er grunn til å frykte at vegane som bind kommunar og regionar saman, vil bli prioriterte framfor strekningar innafor dei einskilde kommunane. Dette råkar også den sårt tiltrengde oppgraderinga av FV854 over Hyllandsheia. Kommunen lykkast dessverre ikkje å koma fram til ei avtale med fylkeskommunen om forskottering av dette prosjektet.
- *Høgfartsbanen:* I 2009 skjedde eit gjennombrøt for lyntogprosjektet i Noreg. Transport- og kommunikasjonskomiteen i Stortinget vedtok fylgjande formulering: «Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, viser til at planen fastslår at høyhastighetsbaner skal utredes, og at dette er et omfattende arbeid. Det er flertallets klare oppfatning at de utredningene som skal gjennomføres, skal ha bygging av høyhastighetsbane som siktemål. Utredningene vil vise om det er mulig å nå dette siktemålet.» Innan 2013 skal alle utgreiingane som er nødvendige for eit byggjevedtak, vere gjennomførde. Regjeringsfråsegna hausten 2009 stadfeste denne ambisjonen. Vinje har spela ei

rolle i denne saka ved at kommunen gjennom to aksjeutvidingar har tilført selskapet kapital til det avgjerande utgreiingsarbeidet som Deutsche Bahn har gjennomført. Etter at kommunestyret i desember 2009 løyvde kr. 500 000 til kjøp av aksjar, er Vinje no den største eigaren i Norsk Bane.

Fjellregion- og distriktpolitikk

Vinje deltek i fjellregionsamarbeidet på tre nivå som heng saman:

1. **Samarbeidet mellom Vinje, Tinn og Telemark fylkeskommune**, hovudsakleg om konkrete prosjekt. Eit slikt er «Vidda vinn», som tek sikte på å gjera delar av randområda kring Hardangervidda nasjonalpark lettare tilgjengeleg, og samstundes formidle verdiane i naturen og kulturen. Prosjektet er eitt av ti som blei valde blant 55 søkjarar til å få støtte gjennom verdiskapingsprogrammet Naturarven i regi av Direktoratet for naturforvaltning. Det starta opp i midten av juni 2009, og skal arbeide ut 2013 med å setje Hardangervidda nasjonalpark på kartet på ein måte som gjer at både villreinen, grunneigarane og reiselivet rundt vidda vinn.

2. **Det sønorske fjellregionsamarbeidet** stadfeste i 2009 stillinga si som ein viktig premissleverandør for norsk distriktpolitikk. 31. januar leverte organisasjonen dokumentet «Norsk fjellpolitikk» til Kommunal- og regionaldepartementet, som innspel til den nye distriktsmeldinga som blei lagt fram 17. april. I ei brei omtale av regjeringas fjellpolitikk inneheld meldinga fleire synsmåtar frå dokumentet.

3. **Euromontana** organiserer regionar og organisasjonar med tilknytning til fjellområda i og utanfor EU. Organisasjonen vedtok i 2009 at konferansen European Mountain Convention skal arrangerast av Fjellregionsamarbeidet og Oppland fylkeskommune på Lillehammer i 2010.

- **Regional plan (tidlegare 'fylkesdelplan')** for Hardangervidda: Planprogrammet blei endeleg og samrøystes vedteki av fylkeskommunane Buskerud, Hordaland og Telemark i februar. Dermed starta arbeidet med sjølve planen. Kommunen arrangerte folkemøte med god oppslutting på Edland 18. mai, og har levert eit grundig innspel til styringsgruppa. Planen gjeld forvaltninga av områda i kring nasjonalparken, og skal sikre leveområda for villreinen samstundes som han skal gjeva grunnlag for lokal verdiskaping og samfunnsutvikling. 9 kommunar deltek i planarbeidet saman med dei tre fylkeskommunane.
- Den tilsvarande planen for villreinområda i Setesdalsheiane og Ryfylkeheiane starta noko seinare, og har ikkje komi like langt. Arbeidet med planprogrammet var i ferd med å bli avslutta i 2009. Her er 18 kommunar og 5 fylkeskommunar med. Vinje og Odda deltek i bae planprosessane.
- Vinje har saman med 31 andre kommunar status som *nasjonalparkkommune*. Desse kommunane valde på eit møte på Otta i mars ei arbeidsgruppe for å førebu skipinga av eit landsråd for nasjonalparkkommunane. Ordførar Arne Vinje blei vald til leiar for utvalet, som i desember vedtok ei innstilling til medlemskommunane.
- Saman med andre viktige turistdestinasjonar i Buskerud, Telemark og Vest-Agder er Rauland med i selskapet *Innovativ Fjellturisme*, som gjennom eit samarbeid mellom lokale krefter og nasjonal spisskompetanse tek sikte på å utvikle verdiskapinga i reiselivet på heilårsbasis. I mars hadde kommunenettverket i IF eit seminar i Rauland om temaet *reisemålsutvikling i randområda til nasjonalparkar og fjellområde med sterke villreinomsyn*, og i månadsskiftet mai – juni organiserte selskapet ein studietur til turistmål i Colorado, USA, med god deltaking frå kommunen og det lokale reiselivet.
- *Proposisjonen om ny lov om motorisert ferdsle i utmark* blei ikkje ferdig før stortingsvalet, men forsøkskommunane får halde fram med ordningane sine til lova ligg føre. Vinje kommune arbeider utrøyttelig for å skapa forståing for at den eksisterande ordninga verkar langt betre for miljø og friluftssinteresser enn eit generelt forbod. 7. desember møtte representantar for kommunen, lensmannen

og skuterklubbane leinga i Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO) til ein dialog om temaet. Møtet var svært konstruktivt og gav von om at det kan finnast ei løysing som kan få ålmenn oppslutting også på nasjonalt plan.

Lokalsamfunnsutvikling, kultur og omdøme

Aktive, deltakande og inkluderande innbyggjarar er avgjerande for gode og attraktive lokalsamfunn, og denne humankapitalen er Vinje kommune rik på. Kommunens ansvar for utviklinga av lokalsamfunnet gjeld framfor tilrettelegging, slik at næringslivet skal få vekstvilkår og kulturen utfalde seg.

- På bakgrunn av avtala mellom Vinje kommune og Fristad Eiendom om utbygginga av eit nytt handelshus i Åmot, gjekk det føre seg fleire parallelle prosessar med andre næringsdrivande i området. Ein freistnad på å nytte eit tilbod om å kjøpe eigeidomen til Telemark Bilruter for å nytte han i eit makeskifte med eigarane av AS Forretningsbygg let seg ikkje gjennomføre. Prosessane førde til eit sterkt engasjement, og mange har vori kritiske til kommunens handtering av dei. I alle høve har det synt seg at Åmot – ikkje minst på grunn av den satsinga som no er i gang – er i ferd med å få ein sterk posisjon som eit framtidig handelssentrum i Vest-Telemark.
- På grunnlag av punktet om kommunens kjøp av parkeringskjellar i Fristad-avtala, klaga næringslaget i Haukeli og Edland Vinje kommune inn for Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA). Avgjerda var ikkje klår ved årsskiftet.
- Vanskar over lenger tid med å skaffe fast dokter til legekantoret i Rauland førde til lokale protestar. 12. oktober blei ei underskriftliste levert til kommunen, med krav om at kantoret måtte opnast snarast. Saka har utløynt ein debatt om korleis innbyggjarane i Vinje kan få det best moglege medisinske tilbodet ut frå dei ressursane kommunen rår over. Konklusjonen kan koma alt i 2010.
- Reisinga av ein ny idrettshall ved *Raulandshuset* blei fullført hausten 2009, og hallen blei innvigd med brask og bram den 16. oktober. Dermed har bygda fengi ei storstoge som er blant dei gildaste i fylket, til glede for skulen, dei fastbuande og dei tilreisande.
- Vinje kommune, som i november 2008 blei utnemnt til årets kulturkommune i Telemark, blei av Norsk kulturforum (Noku) kåra til *Noregs kulturkommune 2009*. Saman med Vinje var òg kommunane Modum og Karmøy nominerte. Prisen blei dela ut av leiaren for Stortingets familie- og kulturkomité, May-Helen Molvær Grimstad, på eit arrangement i Stortinget 3. februar. Juryen uttala m.a. at «Kultursatsingen hos årets vinner springer ut fra vidtfavnende, ambisiøse og strategiske tanker. Stor gjennomføringskraft og jordnær innstilling hos kommunens kulturarbeidere og innbyggere, resulterer i tilpassede arenaer, spennende samarbeidsprosjekter, mange og gode tiltak, variert aktivitet og store opplevelser.» Kommunen feira utnemninga med ei fest på Vinjehuset 9. mai.
- Saman med *Amnesty-prisen* året før har denne utnemninga skapt ein stor etterspurnad frå media og andre kommunar om informasjon om arbeidet i Vinje kommune på desse felta. Kommunen har i den samanhengen særleg peika på personar og organisasjonar som har lagt ned ein stor friviljug innsats både når det gjeld integrering av flyktingar og kulturarbeid, men representantar for kommunen har òg stilt opp. Kultursjef Signe Marie Kittelsaa og ordførar Arne Vinje heldt kvart sitt føredrag på landskonferansen til Norsk Kulturforum i Bergen i september.
- *Bygdemobiliseringsprosjektet «Øyffjell City»* blei avvikla ved årsskiftet, og kan syne til gode resultat når det gjeld folketalsutviklinga, etterspurnaden etter barnehageplassar og elevtalet i skulen. Alt 5. mars blei mobiliseringsprosjektet «Liv i Vinje» starta gjennom eit stormøte på Vinjar. LIV har såleis gjort

seg klar til å taka over stafettpinnen frå Øy fjell, og vil på sin måte arbeide for vekst og utvikling innafor krinsen til Vinje oppvekstsenter.

- *Pilegrimsvegen til Røldal* er eit regionalt prosjekt, men ein stor del av leia går gjennom Vinje kommune og aktiviserer lag og einskildpersonar her. 2. juli møttest pilegrimar og ordførarane frå Odda og Vinje til ei høgtideleg opning av ei ny bru på leia over Nupsåi – ei grenseå mellom kommunane og mellom Telemark og Hordaland. Denne vesle hendinga symboliserer eit nytt steg i kommunens samarbeid vestover, og er seinare følgt opp av ein meir formell kontakt med grannane våre på den sida av fjellet. At den organiserte og tilrettelagde pilegrimsvandringa gjennom ti år er blitt ein sterk tradisjon, blei markert ved ei tilstelling på Edland 21. november.
- *Acquapendente*: Litt tilfeldig er det oppretta ein kontakt mellom Vinje og den italienske kommunen Acquapendente i regionen Lazio. Kontakten gjeld samarbeid og utveksling av informasjon på konkrete område der det er felles interesser og gjensidig nytte: kulturbasert reiseliv, skule, landbruk og forvaltning av verneområde. Utsendingar frå Vinje har ved to høve vori i Acquapendente, og midt i juni var ein delegasjon derifrå på vitjing i Vinje, med avslutting på Haukeliseterfestivalen. Det er gjort avtaler om utveksling av skuleelevar i 2010.

Utanom kommunens eigen organisasjon og det regionale samarbeidet i Vest-Telemark representerer ordføraren Vinje kommune som

- Nestleiar i styret for AS Haukelivegen
- Medlem av Arbeidsgruppa for E134/RV36
- Nestleiar i Utmarkskommunanes Samanslutting (USS)
- Nestleiar i Fjellregionsamarbeidet
- Medlem av revisjonsutvalet i Landssamansluttinga av vasskraftkommunar (LVK)
- Medlem av styringsgruppa og arbeidsutvalet for regional plan for Hardangervidda
- Medlem av styringsgruppa for regional plan for Setesdal Austhei, Ryfylkeheiane og Setesdal Vesthei
- Nestleiar i ordførarutvalet for Hardangervidda



Årets kulturkommune

RÅDMANNEN

Rådmann og assisterande rådmann utgjer rådmannstemaet i kommunen og har det overordna ansvaret for drift og utvikling av det kommunale tenestetilbodet.

Samfunn

Rådmannsteamet har fylgt opp viktige høyrings saker som samhandlingsreforma, universitetssaka og ulike vegsaker når det gjeld stamvegar og fylkesvegar. Det har vore jobba med at Vinje kommune skulle forskottere asfalteringsarbeida på Fiskestigen, men dette stranda fordi fylkeskommunen ikkje ville binde seg til eit tidspunkt for tilbakebetaling.

Det er jobba med konkrete strategiar for å auke busettinga i samarbeid med VTNU og Bygdelivsmeklarer. Nytilflytte får velkomstbrev frå ordføraren og tilbod om abonnement på Vest-Telemark Blad.

Rådmannsteamet har fylgt opp saker som omsorgsbustader, bygdeutviklingsprosjekta Øyfjell City og Liv i Vinje, utbygginga ved Åmot skule og legetenesta i Vinje. Arbeidet med å leggje ein røntgenteneste til Vinje er på det næraste slutført. Studiesenteret.no er etablert slik at mange kan taka vidareutdanninga si i Vinje via multimediarommet i Åmot. Det er gjort avtale med Telenor om tre nye mobilantenner i Vinje med kommunal og lokal medverknad.

Det er teke imot nye flyktningar i 2009: 6 vaksne og 1 barn. I samarbeid med det somaliske miljøet i Vinje er det arbeidd med å skipa eit skuleutviklingsprosjekt i Allaybaday i Somaliland.

Revisjonsarbeidet for Tokke – Vinje vassdraget er i full gong og kommunen jobbar og i høve til det nye vassdirektivet. Olje- og energidepartementet har vore på synfaring i samband med Møsvasskonsesjonen og ein er nå nærare ei endeleg handsaming av denne krevjande konsesjonssaka.

Rådmannsteamet har jobba mykje med spørsmål knytt til utviklinga på Åmothaugen. Dette har vore ein komplisert sak med mange ulike interessentar, men som i stor grad har latt seg samordne i 2009.

Rådmannsteamet har hatt ein økonomigjennomgang når det gjeld skule og barnehage og i tillegg til oppfylging av ein del einingar har det vore nytilsettingar av einingsleiarar. Det er ny reinholdssjef, ny institusjonssjef og ny NAV-leiar.

Rådmannsteamet jobbar og mykje i høve til Vest-Telemark samarbeidet. Etter pålegg frå Staten blei barnevernssamarbeidet gjort om til eit Vertskommunesamarbeid i 2009 og Interkommunalt brannvernssamarbeid i Vest-Telemark er skipa som eit IKS.

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Vidareutvikle interkommunalt samarbeid	Brannvernssamarbeidet er utvida til òg å gjelde feing. Elles er ass rådmann styremedlem i Renovest, og har vore i styret for barnevernssamarbeidet før Kviteseid ble vertskommune.
Utarbeid konkrete strategiar for å auka busettinga i samarbeid med VTNU	Arbeid pågår kontinuerleg, men med lite resultat
Ta initiativ til fleire statlege arbeidsplassar	Dette er ikkje sett i verk
Førebu eit bygdemobiliseringsprosjekt i ein annan del av kommunen enn Øyfjell	Det er sett i gang eit prosjekt i Vinje; "Liv i Vinje"
Samarbeid med Telenor for vidare utbygging av mobilnettet	Avtalar med Telenor og grunneigarar er på plass
Fylgje opp utbyggingar av omsorgsbustader	Bygging av psykiatribustader er vedteke. Vore arbeid med tomtealternativ til samlokalisering av omsorgsbustader for funksjonshemma. Skal til politisk handsaming i 2010.
Fylgje opp samhandlingsreforma	Hatt informasjon internt og eksternt. Hatt mandat frå Vest-Telemarkrådet, på å samle informasjon frå heile Vest-Telemark
Halde god kvalitet og service i tenesteproduksjonen	Kom på 1. plass som beste serviceservicekommune i landet for 2009
Vidareutvikle heimesidene slik at dei kan brukast til betre dialog med innbyggjarane	Nye sider under utarbeiding i 2009. Kontinuerlig arbeid med dette
Ta imot nye flyktingar	Har busett 6 vaksen og 1 barn i 2009 frå Somalia. Det er sett ned ei gruppe for å planleggje mottak i åra framover. Elles mykje spursmål om flyktingarbeidet i Vinje frå andre stader
Ta del i arbeidet med ny næringsplan	Ikkje kome i gang. Startar opp i 2010.
Få på plass desentraliserte høgskulestudium via Studiesenteret.no	Studiesenteret.no er i gang med desentraliserte studiar i Vinje frå 2009
Prosjekt Røntgenteneste i Vinje med samarbeid med Sjukehuset Telemark	Prosjektet er godt i gang
Organisere mottak av nytilflytte	Nytilflytte får velkomstbrev frå ordførar og tilbod om abonnement på VT-blad
"Prosjekt Rauland skule på rett veg"	Prosjektet er ferdig til sumaren med gode resultat
Gå gjennom økonomien i einingane med sikte på dempe kostnadsveksten i kommunen	Hatt økonomigjennomgang med skuler og barnehagar i samband med budsjett 2010
Vidareutvikle årsmeldinga slik at det blir betre samsvar mellom verksemdplan, budsjett og årsmelding	Budsjettdokumentet er no utarbeidd slik at det samsvarer med verksemdplan og årsmelding (same rapporteringsrutinar).
Revidere notatet med oversikt over kraftsakene	Er ikkje gjennomført
Arbeide vidare med revisjonssaka Tokke-Vinje vassdraget og vassdirektivet	Har vore tema i heile 2009

ØKONOMI

Vinje samanlikna med andre

KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan brukast til å samanlikne kommunar direkte. Systemet blir kalla KOSTRA. I dette kapitlet blir det gjeve eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med a) gjennomsnittet i Telemark, b) ei gruppe av 35 kommunar som har same type geografi og folkesetnad som Vinje og c) landet i det heile (utanom Oslo). KOSTRA seier berre i nokon grad noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrader fordelar seg. Avslutningsvis gjev vi nokre vurderingar av samanlikningane.

Kommunen har i 10 år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis vi ligg i høve til andre. Alle tal er **førebels** tal frå SSB. Sjølv om vi er seinare ute med å avlegge årsrekneskapen for 2009, er tala i dette kapitlet representative for kommunens stilling. Både Vinje og andre kommunar kan innrapportere endringar av tal- og tenesterapportering fram til 15. april, men desse tala vert ikkje publisert før 15. juni.


Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljeringsnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenestedområda.

Finansielle nøkkeltal

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Telemark</i>	<i>Landet</i>
Brutto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	4,0	3,3	0,1	1,3
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. innbyggjar	82 502	69 979	51 804	45 947
Statleg rammeoverføring i % av brutto driftsinntekt	11,4	24,3	22,3	20,9
Langsiktig gjeld i % av inntekter	146,7	170,3	181,7	167,9
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	27,2	21,5	27,1	22,1
Netto driftsresultat i kr. per innbyggjar	7 315	3 180	1 940	1 616

Samansetjing av inntekter 2009 - prosentvis andel




Vinje har ei markert anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Det statlege rammetilskotet er lite, målt som del av totalen, medan "Inntektsskatt" og "Eigedomsskatt" utgjer relativt meir for Vinjes del enn for andre samanliknbare kommunar. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.

Systemet med rammeoverføringar frå staten tener to funksjonar: Den eine er å utgiftsutjamne, dvs tilføre kommunane inntekter i høve til ulike behov som til dømes folketal, alderssamansetnad osv. Den andre er å utjamne skatteinntekter. Den nasjonale inntektsutjammingspotten blir tildelt kommunar med låge eller gjennomsnittlege skatteinntekter pr innbyggjar, medan kommunar med dei aller største skatteinntektene, slik som Vinje, blir trekte for å gjere inntektsutjammingspotten større. Vinje kommune har skatteinntekter som ligg på 136,4% av landsgjennomsnittet, mot 136,2 % i 2008. I 2008 fekk kommunen inn kr 30 995,- i skatt per innbyggjar, mot kr 30 826 i år. Dette er framleis høgast i Telemark.

Prioritering av oppgåver.

Årsmeldinga syner at kommunen har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt i høve til andre. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane i høve til kvarandre, og å sjå utviklinga frå førre årsmelding.



Vinje prioriterer spesielt meir til kommunehelse og næringsarbeid, men også planlegging, kulturminne og vatn, avløp og renovasjon. Desse felte er trekt ut i ein eigen tabell under:

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter, næring	6,6	3,4	2,4	1,2
Brutto driftsutg, fys. planl./ kult.minne/natur/nærmiljø	2,3	1,7	1,6	1,5
Brutto driftsutg, vatn, avløp, renov./avfall	5,7	4	4,7	4,3

Eit anna moment å leggje vekt på når det gjeld ressursbruken, er at kommunen på fleire område yter tenester til langt fleire enn eigne innbyggjarar, pga reiseliv og hyttefolk.

Fellesutgifter og administrasjon er redusert med 4,1 prosentpoeng siste tre åra. Under "Anna" finn ein tenester som bustader, planlegging, kulturminne, natur, nærmiljø, brann og ulukkesvern. Høge driftskostnader på vatn, avløp og fysisk planlegging er medverkande årsaker til at Vinje ligg høgt her.

Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:


Tenestetilbodet i Vinje er framleis godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del område, må ein sjå i samanheng med at det er valt ein desentralisert struktur. Brukarbetaling på VAR-tenestene (vatn, avløp og renovasjon) er ikkje lenger

lågare enn i kommunar flest, og ein kan merkje seg at Vinje framleis brukar mindre på samferdsel enn samanliknbare kommunar. Likevel ser ein at det skjer endringar i takt med svingingar i kommuneøkonomien, og at skilnadene på mange område blir mindre enn dei har vore tidlegare.


Drift

Kommunens sentrale økonomifunksjon ligg i støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Her ligg budsjett, rekneskap, lønn og skatteoppkrevjaransvaret saman med anna økonomiforvaltning som innkjøp og forsikring.

Vinje kommune har dei siste fire åra hatt ei stabilt god drift med jamn betring i prosentvis overskot, og relativt stabile netto driftskostnader. Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 3% for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatmgrepet ikkje fangar opp alle kostnader slik det langt på veg gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadene ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner osv er ikkje trekte frå når netto driftsresultat blir utrekna – berre avdraga på låna. Utviklinga i netto driftsresultat dei siste fire åra går fram av figuren under. Trenden dei siste tre åra er negativ, men framleis over 7,1% av brutto driftsinntekter i 2009.




Figuren under syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorene i tenesteproduksjonen.




Figuren syner at løn og sosiale utgifter auka med 7,9% frå 2008 til 2009. Overføringar, som inkluderer kjøp av særavtalekraft auka også mykje.

Oppunder 2/3 av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, og dette har synt seg å vere ei stabil fordeling. Dei sosiale utgiftene passerte 40 millionar for første gang sidan 2006, og utgjorde til saman 43,6 mill. kr. Dei reine lønsutgiftene har auka sterkt (34%) dei siste fire åra, ettersom lønsutviklinga held fram med i auke i offentleg sektor.



Gjeld


Nedgangen i marknadsrentene medførte reduserte renteutgifter i 2009 samanlikna med 2008, trass i auken i innlån. Den langsiktige lånegjelda auka 61,4 mill. kr.



Vinje kommune hadde ved utgangen av 2009 ei netto lånegjeld på kr 24 598 per innbyggjar, noko som er halvparten av gjennomsnittet for kommunegruppe 3. Betalte avdrag utgjorde 2.184,- per innbyggjar, som er ein auke på 31% frå 2008.


Likviditet

Vinje kommune hatt svakare likviditet i 2009 enn toppåret 2008, men likevel gjennomsnittleg betre enn 2006 og 2007. Figuren under gjev eit bilete på situasjonen siste dato i kvar månad dei siste fire åra:




Investeringsane

Investeringsnivået i Vinje kommune er stadig aukande. 2009 enda 12 mill. kr over fjoråret. Figuren under syner finansieringsbehovet i investeringsrekneskapan siste fire år.




Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapan opp i hovudtal, ser ein at brutto investeringsutgifter som vanleg er dominerande, med 111,7 mill. kr. Det er ekstraordinære avdrag, samt avdrag på startlån som blir ført i investeringsrekneskapan. Dette har siste året vore på ca 187 000 kr. og synast knapt i figuren. Redusert avsetjing til fond frå anleggsbidrag, på grunn av strykingar i samband med underskotet, forklarar reduksjonen i avsetningar. Figuren under illustrerer dette.




Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlanes del av dei samla aktiva i kommunen har ein svak reduksjon etter 2007. Dette samsvarar med utviklinga i ledige fondsmidlar og likviditetssituasjonen.



Fondsmidlar

Figuren under syner utvikling og status i fonda til kommunen til og med rekneskapsåret 2009. I figuren er det òg gjeve ei prognose for utviklinga framover basert på rekneskapsresultatet og økonomiplanen for 2010 – 2013. Figuren under skil seg frå note 6 i rekneskapsrapporten, men er eit uttrykk for kva som er av unyttede midlar framover.



Forvaltning av overskotslikviditet

Det er ingen aktiv forvaltning av kommunens overskotslikviditet. Alle midlane har stått på konti i DnBNor gjennom heile kalenderåret.

Verksemda i 2009

Investeringar

Det blei investert for **111,7 millionar** i anleggsmidler i 2009 mot 90 mill. året før. Eigenkapitalinnskot i KLP står for 685 315,- kr, medan kommunen lånte ut 5,1 mill. i startlån. Det er betala i overkant av 141 000 kr i avdrag på etablerings-/startlån, og det er gjort avsetjingar av unyttta investeringar og innkomne anleggsbidrag med 2,54 mill. Budsjetterte avsetjingar på 10 mill. kr har ein måtte stryke i rekneskapsavslutninga. Samla er det såleis brukt 122,153 mill. i følgje investeringsrekneskapskapen for 2009. Tilsvarende tal i fjor var 110,143 mill.

Rekneskapskapen er dominert av mange mindre prosjekt, men av dei større investeringane kan ein nemne parkeringskjellaren i Åmot (23,5 mill.), Raulandshuset (19,4 mill.), Rauland reinseanlegg (19,8 mill.), Hakkespetta barnehage (4,1 mill.), utleigebustader i Rauland (3,2 mill.) opprusting av Vinjar (2,1 mill.) og Vågslid reinseanlegg (3,9 mill. og uteområde til Nordheimstunet (1,7 mill.).

Investeringsrekneskapskapen kjem ut med eit samla **underskot** etter strykingar på **kr. 864.000,-** for 2009.



Kommunal drift

Kommunen har eit brutto driftsresultat på 15,3 mill. i 2009, mot 16,2 førre år. Vidare er netto driftsresultat på 27 mill., som er om lag 5,1 mill. svakare enn for 2008.

Resultateiningane gjekk med eit netto meirforbruk på 13,3 mill.

Tabellen på neste side syner korleis driftsresultat er samansett og fordelt på resultateiningar, kraftinntekter og andre postar.

Fordeling av driftsresultat 2009				
	Overskot		Underskot	
Eining:	2009	2008	2009	2008
Rådmannen		118 222	10 858	
Sosial og barnevern	644 189			329 266
Økonomi, plan og utvikling			1 377 791	721 084
Organisasjon, arkiv og IKT		100 960	271 415	
Tenestetorget			377 977	838 245
Rauland skule			1 432 731	2 723 309
Åmot skule			264 171	1 111 404
Edland skule	398 860	137 431		
Øyfjell oppvekst	543 077	607 899		
Vinje oppvekst		173 012	99 621	
Hakkespetta barnehage	405 259	972 528		
Rauland barnehage	131 393	665 165		
Edland barnehage			275 013	47 530
Vinje sjukeheim			2 900 206	949 382
Vinje heimetenester			3 376 714	3 359 009
Vinje helse			2 876 536	953 137
Kultur	53 004	1 606 218		
Vinje kjøkendrift	36 107	134 513		
Teknisk drift og vedlikehald			1 245 339	585 896
Vinje reinhald og tekstil			631 118	195 760
Vinje næringskontor		2 079 915	328 573	
Sum einingar	2 211 889	6 595 863	15 468 063	11 814 022
Overført frå drift til investering	-5 193 000	4 843 969		
MVA Refusjon investering	-2 834 000	5 273 206		
Kraftinntekter	1 618 000	675 653		
Buffer	0	389 000		
Skatt og statstilskot	-4 574 000	-3 096 840		
Renter og avdrag m.m.	155 000	362 051		
Innt. Tiltakspakka	-2 428 000			
Avsett/bruk av fond m.m.				
Sum andre driftsutg./inntekter	-13 256 174	8 447 039		
Reknesk.res. einingane	13 256 174	-5 218 159		
Reknesk.res. utanom einingane	-13 256 174	8 447 039		
Samla rekneskapsresultat	0	3 228 880		

Rekneskapsresultatet syner at fjorten av kommunens tjue einingar fekk eit akkumulert underskot i 2009. Når resultatet samla for einingane gjev eit underskot på vel 13,256 mill., er dette meir enn dobbelt så mykje som i 2008. Dette er ei dramatisk forverring, som syner at det hastar å få på plass tiltak for å redusere kostnadsnivået i fleire resultateiningar.

Ein må likevel vere klår over at resultatet, som kjem fram i rekneskapen for den einskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Rekneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette gjennom fleire år.

Driftsresultatet utanom einingane gav, etter strykingar, eit overskot på 13,256 mill. Det samla rekneskapsresultatet går difor i null.

Økonomisk styring – budsjettavvik

Under følgjer nokre kommentarar til dei største avvika og endringane:

Tenestetorget:

Eininga har eit overforbruk på kr 378 000,-, og slit framleis noko med ubalanse mellom utgifter og inntekter. Har likevel positivt resultat for 2009 isolert sett.

Økonomi, Plan og Utvikling :

Eininga har hatt eit meirforbruk på 1 378 000,-. 721 000 av meirforbruket stammar frå 2008. Innan kart og oppmåling har ein i ei årrekke slitt med ei større etterslep av gamle saker. Her er gebyrinntektene kome i kommunekassa i tidlegare år, men arbeidet er ikkje fullført. Vidare er det mykje arbeid knytt til kartforvaltning som ikkje inneber gebyrinntekter. Meirforbruket er også knytt til høg aktivitet på plansida i samband med rullering av overordna planar, der ein har leigd inn ekstern konsulentbistand.

Rauland skule:

Eininga hadde eit stort meirforbruk i høve til budsjettet. Bakgrunnen for dette er oppussing av lokalar og feilbudsjettering på inntektssida.

Åmot skule:

Skulen drog med seg eit meirforbruk på 1,1 mill. frå 2008. Åmot skule har teke inn mykje av dette i 2009, noko som er svært positivt.

Vinje sjukeheim:

Det har ikkje lukkast sjukeheimen å drive meir effektivt i forhold til budsjettamma, men sjukeheimen ein har leigd ut ledig kapasitet til andre kommunar for betre inntektssida.

Rekneskapen på sjukeheimen visar meirutgifter på grunn av bruken av vikarbyrå for å dekke behovet for sjukepleiar på natt.

Vinje heimetenester:

Vinje heimetenester har framleis underskot på drifta. Halvparten er knytt til drifta av avdeling for funksjonshemma. Vidare har to av dei andre avdelingane periodevis hatt høgt sjukefråver, samstundes som det har vore vanskeleg å skaffe vikarar.

Vinje helse:

Eininga drog med seg meirforbruk på kr 953 000,- frå 2008. Det er resterande av meirforbruket skuldast bruk av legevikar, nedgang i brukarbetaling, manglande utgiftsramme til støttekontaktar, avlasting og omsorgslønn er andre moment som trekk i negativ retning.

Teknisk drift og vedlikehald:

Meirforbruket i 2009 skuldast hovudsakleg auka straumforbruk. Auken i forbruket er på om lag 1,6 mill. kr frå 2008 til 2009. Elles går økonomien i eininga i balanse.

Reinhald og tekstil:


Eininga drog med seg meirforbruk på kr 670 000,- frå 2008. Det at ein har ikkje greidd å ta inn underskotet skuldast ei kombinasjon av høgt sjukefråvær, vanskar med å organisera reinhaldet ved fråvær for å redusera kostnadane til vikarar auka forbruk av forbruksmateriell som til dømes handsåpe og tørkepapir i samband med svineinfluensa.



SAMFUNN OG LIVSKVALITET

Syssetjing

Arbeidsløysa er på 2,2 % den siste månaden i desember. Mange er tilsette i offentleg verksemd, slik at arbeidsløysa ikkje har råka så mange i kommunen.



Tala er frå 2008. Det ligg ikkje føre tal for 2009.

Syssettinga innan industri og oljeutvinning, forretningsmessig tenesteyting, eigedomsdrift, varehandel, hotell- og restaurantnæring og offentleg/privat sektor er dei sektorane som aukar mest over tid.


Tal på syssetting i Vinje frå 2008 (16-74 år)

	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Jord, skogbruk og fiske	150	145	141	146	130	141
Industri, bergverk og oljeutvinng	159	161	158	200	185	205
Kraft og vassforsyning	52	54	53	50	51	51
Bygg- og anleggsverksemd	275	284	281	285	298	280
Varehandel, hotell og restaurantverksemd	289	313	314	302	294	320
Transport og kommunikasjon	108	113	112	115	117	117
Finansiell tenesteyting	19	19	16	14	15	14
Forretningsmessig tenesteyting, eigedomsdrift	52	41	47	58	88	95
Offentleg og privat tenesteyting	788	791	800	811	823	826
Uoppgitt	10	9	17	19	11	15
TOTALT	1902	1930	1939	2000	2012	2064


Av 2064 sysselsatte personar i Vinje, så har 1418 arbeidet sitt i Vinje. Resten har arbeidet sitt i andre kommunar i Noreg.


Folketalsutvikling

Folketalet i Vinje har ein nedgang i flg statistikk frå SSB (1/1-2010).




I 2009 var talet på døde og fødte likt. Derfor skyldast nedgangen i folketalet større utflytting enn tilflytting av folk.







Eit bilde av nedgangen i folketalet ser ein òg på elevtalet. Alle skulane har nedgang. Prognosane er ikkje gode når ein ser på fødselstala som synar at i 2014/2015 er det berre 386 elevar i Vinjeskulane.



Bustadbygging

Det er framleis høg byggjeaktivitet i Vinje – og det er sett i gang 14 byggjearbeid av private bustader.

På Rauland har ein kartlagt nye område og sett i gang planlegging av nytt bustadfelt.



Livskvalitet

Å måle livskvalitet er vanskeleg, men SSB har fleire ulike måleindikatorar på livskvalitet.

Tal på ungar under 3 år som nyttar barnehagane i kommunen aukar for kvart år. Sjølv om barnetalet i Vinje har gått ned, så er det krav om at barn under 3 år tek 2 plassar. Nesten alle ungar i Vinje går i barnehage når dei har fylt 3 år.

Kommunen har særst høg lege- og fysioterapidekning samanlikna med andre.

Det er gledeleg at gjennomsnittleg stønadslengde på sosialstønad har gått ned frå 5,6 mnd i 2006 til 3,9 mnd i 2009.

Netto driftsutgifter pr innbyggjar på kultursektoren har auka med nesten 700 kr frå 2007 - 2008 og med ytterlegare 250 kr i 2009

Nokre utvalde tal frå SSB i 2009

	Vinje	Telemark	Landet
Tal på barn 1-5 år med barnehageplass i %	96,2	89,3	89,2
Tal på barn med barnehageplass 3-5 år i %	101,5	96,9	96,7
Tal på elevar i grunnskulen som får spesialundervisning i %	12	8,4	7,6
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	40,03	38,90	39,35
Gjennomsnittleg stønadslengde på sosialhjelp i månader	3,9	3,8	3,9
Tal på plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar i %	100	97,6	96,3
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar	16	9,8	9,3
Fysioterapiårsverk pr 10 000 innbyggjarar	14,1	8,1	8,3
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar på kultursektoren	4 248	1 839	1 587

SERVICE

Vinje kommune ynskjer å vera ein kommune der god service er ein del av omdømmet. Til tross for tidlegare serviceprisar så har ein heile tida hatt eit fokus på å gje gode tenester. Verda endrar seg, og kommunen må endre seg i tråd med innbyggjarane sine ynskje. I 2009 fekk vi pris for beste kommune i landet når det gjaldt service på svar om tekniske tenester. Det er Forbrukarrådet som tek føre seg disse testane.

Informasjon

Ein kommune bør strekkje seg langt i å ta i bruk ny teknologi for å informere – og koma i kontakt med innbyggjarar og andre som nyttar kommunens tenester. Det har vore arbeid med ny heimeside for kommune i 2009. Tenestekatalogen er blitt lagt inn på heimesidene, slik at det skal vera lett å søke på tenester. Kommunen ynskjer òg å ta i bruk andre sosiale nettsider i tida framover som blant anna Facebook.

Tenestetorget tek i mot nye innbyggjarar til samtale dersom dei ynskjer det. Alle som flytter nye til kommunen får eit velkomstbrev frå ordføraren med tilbod om abonnement på Vest-Telemark Blad..

Blaamann blei gitt ut 3 gonger i år. Det er òg mange hytteeigarar som ynskjer å få den tilsendt.

Gode tenester

Tenestene som ein kommune leverer er mange og varierte. Barnehage- og skuletilbod, helsetenester, eldreomsorg, renovasjon og kloakk, vegvedlikehald, mat til heimebuande, hjelp til næringsetablering og byggjeklare bustadtomter er berre døme på nokre av dei tenestene kommunen yter til innbyggjarane. Desse tenestene vil alltid vera i endring i tråd med nye behov, lovar, reglar og samfunnsutviklinga generelt.

Studiesenteret.no er etablert. Kommunens innbyggjarar kan få tilgang på 60-70 studium levert frå høgskular i heile landet via videokonferanse.

Vi har full barnehagedekning i kommunen etter seiste utbygging av barnehagane våre. Skulemat for alle elevar held også fram. Meldingane frå skulane er udelt positive.

Det er i året starta eit samarbeid med Sjukehuset Telemark om røntgenteneste i kommunen for at pasientane skal kunne få stilt enkle diagnoser på brotskadar og anna, utan å måtte reise mange mil på dårlege vegar.

Det har vore bevilga pengar til tilskot til private husstandar og næringsverksemdar innan energiøkonomisering.

Den store pågangen i hyttebygging, har òg kravd ein ekstra tilsett byggjesakshandsamar.

Kommunen har gjort avtaler med Telenor og grunneigarar for å få bygd ut 3 nye mobilmaster. Dette er ein lekk i eit samarbeid med Høykom-midlar via fylkeskommunen, Telenor, grunneigarar og kommunen.

Tenestetorget

gjer at vegen i det kommunale byråkratiet er blitt lettare for publikum. Sakshandsamarane skal vera generalistar som kan gjeva minst 60 % av alle som vender seg til kommunen den hjelpa dei treng. Vi ser likevel at dei har fått fleire oppgåver som krev spesialkompetanse, men som ligg på tenestetorget fordi det er meir publikumsvenleg. Det er tilsett ytterlegare ein byggjesakshandsamar

I tillegg er handsaming av blant anna husbankmidlar, overformynderiet og skjenke – og serveringsløyve lagt til denne eininga. Handsaming av energitilskota er òg blitt lagt til tenestetorget.

Tenestetorgsjefen er web-ansvarleg og er aktiv i vidareutvikling av heimsida.

Mål for 2009


Måloppnåing 2009

Få tenestekatalogen ut på heimesida	Gjennomført
Gjennomgang av lay-out og oppbygginga av heimesida	Prosess saman med Vest-Telemark web-forum som blei avslutta i haust.
Betre rutinane mellom byggjesak og matrikkelføring	Gjennomført
Delta i prosjekt om elektronisk byggjesakshandsaming	Gjennomført
Gjennomgang/presisering av rutinar for skuterløyve	Lova ikkje vedteke. Løyve blei derfor lyst ut og fonya.
Evaluering av turistinformasjonen	Blei ikkje gjennomført som planlagt
På plass nytt kartsystem	Gjennomført
Effektivisere innlegging av reguleringsplanar på heimesida	Gjennomført
Delta i prosjekt med fylket og VT-kommunane om å få til ny webkartløyving.	Gjennomført
Få på plass studiekontakt til Studiesenteret.no	På plass

MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJONEN

Vinje kommune er organisert som ein to-nivåkommune med såkalla flat struktur.

- *Innbyggjarane er i sentrum for all kommunal verksemd.*
- *Tenesteproduksjonen for innbyggjarar og brukarar blir organisert i naturlege einingar, med vekt på å vera nær brukar/mottakar og å ha samanheng i tenestene – såkalla resultateiningar.*
- *Færrast mogleg ledd mellom toppleiing og utførande ledd/person – to nivå for ansvar og mynde.*
- *Verksemdstyring tufta på rammebudsjettering, målstyring, verdistyring og resultatkrav/-måling.*
- *Sentralt plasserte felles støttefunksjonar og utviklingsoppgåver.*
- *All service og informasjon som ikkje naturleg blir dekt av dei andre einingane, blir samla på Tenestetorget.*
- *Mest mogleg effektivt bruk av IKT.*
- *Leiarpromil tufta på teamleiing, deltaking, medverknad, kompetanseutvikling og resultatorientering.*
- *Størst mogleg fridom – i prosessen fram til måla – for einingar og medarbeidarar, med tilhøyrande ansvar for måloppnåing.*



Nedgang i årsverk

Det har vore ein liten nedgang i årsverk frå 2008 til 2009 når ein ser organisasjonen samla.

Likestilling

Administrasjonsutvalet er likestillingsråd i kommunen. Det har ikkje vore handsama saker siste året som har vore direkte knytt opp til temaet likestilling.

Vinje kommune har ca 540 arbeidstakarar inkl. vikarar, av desse er ca 80% kvinner. Av kommunens administrative leiing, rådmannsteam og einingsleiarar, er det 12 kvinner og 9 menn.

I samband med lokale lønsforhandlingar har kommunen hatt som mål å få lik løn mellom grupper med lik utdanningslengde. I 2009 vart målet delvis nådd ved at ein fekk lik løn mellom ingeniør og avdelingssjukepleiar.

Det er kome heis i kommunehuset, dette medfører at arbeidstakarar med bevegelseshemming får ein fysisk lettare arbeidssituasjon.

Personalpolitikk

Støtteininga Organisasjon, arkiv og IKT (OAI) er fagansvarleg for overordna personalarbeid.

25-års jubilarar og pensjonistar

Kvart år inviterar kommunen alle 25-års jubilarane og alle årets pensjonistar til ein festmiddag. Jubilarane får gullklokke med kommunevåpen og namn inngravert. Dei som ikkje ønskjer klokke får ein sjekk, medan alle pensjonistane i Vinje får ein akvarell.



Rådmannen og ordførar saman med årets pensjonistar



Tre heldige vinnarar og representantar frå sportsbutikkane i kommunen

Trim og aktivitetkort

Alle som gjennomfører 45 min trim 2 gonger pr. veke får eit gåvekort i premie, og er med på ein trekning av større gevinstar som dei tre sportsbutikkane i kommunen har sponsa.

194 tilsette deltok i trimordninga i 2007/2008. Dette utgjer ca. 37% av alle tilsette.



Organisasjonsutvikling

Det vart halde kurs innan aktuelle lover og avtaler. Kommunen har jobba med vidareutvikling av HMS-systemet.

Kompetansekartlegging

Kompetansekartlegging av alle tilsette vart gjennomført i tråd med sentrale føringar. Til hjelp i arbeidet vart det kjøpt inn eit elektronisk kartleggingsverktøy. Kommunen har med dette fått ein fullstendig oversikt over kompetansen i organisasjonen.

Sommararbeid for ungdom

24 ungdommar mellom 16 - 18 år hadde kvar tre vekers sommarjobb på ulike stader i organisasjonen. I tillegg fekk 16 ungdommar sommararbeid i private bedrifter som fekk lønstilskott frå kommunen.


Lærlingar

Det er 5 lærlingar i kommunen, to i barne- og ungdomsfaget og tre i helsefag. Vinje kommunen er medlem av OKOS, Opplæringskontoret for offentlege sektor. Dette er eit profesjonelt organ som ivaretek samordninga og oppfølginga av lærlingane.

Sjukefråver

Vinje kommune er ei IA-verksemd, der målet har vore å redusere sjukfråveret. Me ynskjer at alle tilsette skal trivast med arbeidet sitt og skånast mot fysiske og psykiske helseskadar slik at me får eit lågast mogleg sjukefråver. Det vert jobba systematisk med sjukefråversproblematikken, og ein har m.a. ein formalisert dialog som tek til etter at sjukfråveret har vart i fire veker.


Nedgangen i det totale sjukefråveret i Vinje frå 2008 – 2009 utgjer - 0,47%. Det utgjer 3172 fleire arbeidstimar eller 423 fleire arbeidsdagar



Minus blir til pluss.

Nedgangen i det totale sjukefråveret i Vinje frå 2008 – 2009!

- 0,47% = 3172 fleire arbeidstimar eller
423 fleire arbeidsdagar



Vinje kommunale bedriftshelseteneste

Vinje kommunale bedriftshelseteneste har 50% tilsett helsefagarbeidar, frå 2010 vert denne stillinga auka til 100%. I tillegg har me avtale med lege, yrkeshygienikar, fysioterapeut og ergoterapeut.

Hovudmålet for arbeidet er å halde sjukefråværet på eit lagt nivå. Dette har vore gjort ved å rette fokuset mot førebyggjande arbeid:

- FRISK GRUPPE hausten 2009
- Innemiljømålingar
- Arbeidsplassvurdering
- Arbeidsmiljøkartleggingar

Tillitsvalde

I Vinje er det tillitsvalde/kontaktpersonar i 15 ulike arbeidstakarorganisasjonar. Tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 80%, Utdanningsforbundet 36%, og Norsk sjukepleiarforbund 4 t/v.

Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlemmer i Administrasjonsutvalet og Hovudarbeidsmiljøutvalet.

Hovudverneombod vert valt av og blant Fagforbundet sine medlemmer.

Samrådsmøte

Om lag ein gong i månaden har rådmannen møte med hovudtillitsvalde. Her blir det teke opp ulike problemstillingar som vedkjem dei tilsette.

PLAN OG UTVIKLING

Desse tenestene høyrer inn under støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Eininga har, utover kommunens totale økonomiforvaltning, ansvar for den overordna- og detaljerte arealplanlegginga i kommunen, og skal vera ein motor i kommunens prosjekt- og utviklingsarbeid. Under dette høyrer kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar.

Kart- og oppmåling

Denne tenesta ligg under eininga for Økonomi, plan og utvikling. Ein har måtta auke med ei stilling på grunn av etterslep og stor auke i byggemarknaden.

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutgifter til plansakshandsaming pr. innbyggjar	498	272	181	157
Br. driftsutg. bygge-, delesaksbeh. og seksjonering pr. søkn./meld.	6 067	5 791	5 755	7 275
Saksgebyr for privat framlegg til reguleringsplan	9 030	14 941	22 229	28 223
Tal planar sende på høyring	6	5	6	7

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Innføring av ny versjon av Agresso – Agresso 5.5	Innført og teke i bruk.
Innføring av fakturaskanning – Agresso Invoice Manager	Innført og teke i bruk.
Arbeid med rullering av arealdelen av kommuneplanen, samt kommunedelplanar for hytteområda	Det er god framdrift i prosessen med rulleringa av planane.
Energi og klimaplan for kommunen	Også energi- og klimaplan var lagt på veg ferdig ved årsskiftet.
Reguleringsplan for nytt bustadfelt i Rauland	Reguleringsplanen for Krontveit er vedteken.
Reguleringsplanar for G/S-vegar	Kommunestyret har nedsett ei eiga arbeidsgruppe til å arbeide med dette feltet. Det har ikkje kome noko konkret ut av dette enno.
Geovekstprosjekt: Landmåling, flyfotografering og kartkonstruksjon av FKB-B for ca 68 km ² . Laserskanning og etablering av DTM10 for ca 68 km ² og laserskanning og etablering av DTM20 for ca 1.240 km ²	Arbeidet har vore på anbod i regi av Statens kartverk.
Digitalisering av 130 reguleringsplanar	Vinje kommune har levert "manus" til planane, og desse vert er klare i 2010.

NÆRING

Næringskontoret

Næringskontoret har samarbeid med næringsorganisasjonane i Vinje. Utviklingsarbeid innan reiseliv, landbruk, andre næringar og handsaming av saker til formannskapet og plan- og miljøutvalet er hovud-arbeidsområde. Ein forvaltar òg kommunale tilskot til landbruksføremål og den kommunale landbruksvikarordninga.

Anna viktig arbeid er tilsyn og vedlikehald av kommunens eigedom Berunuten, konsesjonshandsaming Møsvatn, fjellregionsamarbeid, samarbeid med Vest - Telemark Næringsutvikling, deltaking i forvaltningsplanar og fylkesdelplanar, deltaking i ulike samarbeid rundt reiseliv.

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Gjennomføre pålegg om kontroll nar det gjeld hogst og ungsogpleie	Disse kontrollane er utført. I tillegg er krav om kontroll av 10% av alle skogkulturtiltak kontrollert i felt.
Rehabilitering av overnattingsdelen av Raulandsakademiet	Arbeid med saken. Kommunestyre har vedteke å utvide aksjekapitalen med 10 mill.
Vedtak i PLM om å opprette Vinje Vilråd	Rådet har utarbeidd overordna forvaltningsplan for hjortevilt- og beverforvaltning i Vinje kommune 2009-2010
Opprette eigen landbruksvikar	Landbruksvikar med 100 % stilling tilsett
Samarbeid med Vest-Telemark Næringsutvikling	Delteke i arbeidsgruppa for næringsplan for Vest-Telemark
Samarbeid med Tinn og Telemark Fk om fjellregionsamarbeid	Lite kontakt i det formelle arbeidet
Utviklingsarbeid innan reiseliv, landbruk og andre næringar	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med Rauland Turist om web-portal • Samarbeid med Buskerud og Telemark fylkeskommune om reiselivsinnspele til fylkesdelplanen for Hardangervidda • Samarbeid med Øyfjell City om skilting og kart til turveggar • Samarbeid med Tinn om etablering av Vidde Vinn • Samarbeid med Tinn om Telemarkshelten • Samarbeid og arrangør av seminar saman med Innovativ Fjellturisme (rammevilkåra for fjellturismen)
Deltaking i arbeidet med Regionalplan Hardangervidda	Næringskontoret tok initiativ til å få til eit felles innspel frå reiselivsnæringa rundt Hardangervidda til fylkesdelplanen. Arbeidet har starta opp med finansiering av fylkeskommunen
Oppfylgning av næringsplan og landbruksplan	Landbruksplanen er sett i gang.
Oppfylgning av avtaleverk i reiselivssatsinga	Kome i gang
Tiltak i samband med kommunedelplan	Ikkje gjennomført
Arbeide med tettstadutvikling	Ikkje sett i gang
Sti- og løypeplan som del av kommuneplanen	Ikkje sett i gang
Tapsundersøking av lam (Vingeråsheia)	Samarbeid med Mattilsynet og Fylkesmann. Bioforsk har leia undersøkinga, men den var ikkje vellukka.
Full renovering av Fougnerhytta	Er i gang blir ferdig i 2010

SKULE

<i>Edland skule</i>	<i>Rauland skule</i>	<i>Åmot skule</i>	<i>Vinje oppvekst- senter</i>	<i>Øyfell opp- vekstsenter</i>
-------------------------	--------------------------	-----------------------	-----------------------------------	------------------------------------

Vinje har tre barne- og ungdomsskular, og to oppvekstsenter med barnehage og fyrste til og med sjuande klasse.

Overordna mål for arbeidet i skulane

er å gje trivsel og tryggleik for alle i skulen, skape gode læringsvilkår og godt sosialt miljø for alle elevar. Skulen skal ha ein høg fagleg standard der både elvar og tilsette tek ansvar og samarbeider.

Timetalet vart auka sentralt både i 2007 og 2008. Hausten 2008 vart det lagt inn ekstra tid til elevsamtale, 1 time pr. 9 elev. Det har og vore auke i timar til spesialundervisning.

Vinje brukar vesentleg meir pengar pr. skulebarn enn gjennomsnittet for fylket og landet, dette skuldast i første rekkje at me har små klasser på grunn av ein desentralisert skulestruktur.

Satsingsområde:

- Samarbeid heim skule
- Tilpassa opplæring for alle
- Auka elevmedverknad
- Oppfølging av plan for språkstimulering og lese-/skriveopplæring
- Etterutdanning i rekning
- Plan for overgangane: barnehage/skule, barneskule/ungdomsskule og overgang ungdomsskule/vidaregåande skule
- Entreprenørskap i skulen
- Skulemat til alle
- Satse på auka sosial kompetanse gjennom utdanning av ART-instruktørar
- Arbeid med klasseleiing
- IKT og bruk av Classfronter
- Fokus på læring / kvalitet og vurdering
- Lese- og skriveopplæring i høve til ny plan for språkstimulering
- Vidareutvikle elevsamtalen som pedagogisk virkemiddel
- Organisasjonsutvikling

Skulane har hatt noko ulike satsingsområde ut frå ulike behov

Skulemat

I Vinjeskulane er det skulemat kvar dag på alle klassetrinn.

Vaksenopplæring


All vaksenopplæring i kommunen er lagt til Åmot skule. Dette gjeld grunnskuleopplæring og norsk/samfunnsfag for elevar som har rett og plikt til å få dette, blant anna introduksjonsordninga for innvandrarak. Det er òg eit ynskje om å gje nyankomne innbyggjarar enn dei som har rett til det eit tilbod om norsk opplæring.



Den fyrste norskopplæringa.....


Elevtalsutvikling:

Det er ein stor nedgang i talet på levar. Meir dramatisk er nedgang framover mot 2014/2015



Grunnskulepoeng

Vinje kommune ligg litt (0,8) over landssnittet når det gjeld grunnskulepoeng. Grunnskulepoeng blir rekna ut etter avgangskarakterane i 10. klasse.



Lesing – eit satsingsområde


Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule pr. elev	121 305	110 101	88 359	82 919
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskuleundervisning pr. elev	102 783	89 813	71 626	68 112
Lønsutgifter til grunnskule pr.elev	96 391	87 180	70 322	65 728
Netto driftsutgifter grunnskoleopplæring i % av samla driftsutg.	27,9	27,9	27,7	28,5
Elevar pr. årsverk	7,7	7,6	10,7	10,7
Elevar som får morsmålsopplæring i %	2,0	0,7	3,8	3,3
Elevar med spesialundervisning i %	12,0	10,9	8,4	7,6
Brutto driftsutgifter til SFO pr. kom brukar	20 319	22 615	25 805	22 555
Andel deltakarar i VO i norsk,sam.kunnskap vaksne innvandrarar	100	84,2	66,9	77,2
Brutto driftsutgifter til vaksenopplæring pr. deltakar	123 238	78 870	71 780	67 390
Tal på elevar pr. datamaskin	2	2,3	2,9	3,2

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Gjennomføre etterutdanning i rekning og lage rekneplan	Blir vidareført i 2010
Vurdering for læring og læringstrykk, vidareutvikle elevsamtala	Er godt i gang, men må jobbast med vidare
Bruke ART som trening av sosial kompetanse og jobbe med sosial læreplan	Arbeidet godt i gang
Halde fram med satsing på lesing	Kontinuerleg arbeid
Auke trivsel, slik at me ligg over landsgjennomsnittet i løpet av dei to neste skuleåra	Gjennomført strategiar for auka elevmedverknad sosialt og fagleg. Det er ein utfordring i å ta i bruk ulike læringsstrategiar og metodar som i større grad er tilpassa den einskilde elev
Halde ned mobbesaker etter overgang frå barnetrinn til ungdomsskule. Dette skal gjerast ved aktivt å fylgje skulanes handlingsplan mot mobbing, kontinuerleg evaluere og justere desse	Arbeidet er godt i gang, og er ein kontinuerleg prosess
Elevane skal få betre fagleg rettleiing og orientering om kva som krevjast i dei ulike fag gjennom vurdering	Starta med arbeidet med å gje lærarane betre kompetanse og verkøy for vurdering av elevanes kunnskapsnivå
Gjennomføre etterutdanning i rekning og lage rekneplan	Blir vidareført i 2010
Vurdering for læring og læringstrykk, vidareutvikle elevsamtala	Er godt i gang, men må jobbast med vidare



I Vinje byrjar alle elevane på vidaregåande skule etter avslutta grunnskule.

BARNEHAGE

Hakkespetta barnehage	Rauland barnehage	Edland barnehage	Vinje oppvekstsenter	Øyfjell oppvekstsenter
-----------------------	-------------------	------------------	----------------------	------------------------

Overordna mål for arbeidet i barnehagen:

Ein barnehage til beste for barn, føresette og personale. Det er STORT å vera liten i barnehagen.

Brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagane i Vinje ligg godt over både lands- og fylkesgjennomsnittet, og over utgiftsnivået i samanliknbare kommunar. Lågare kapasitetsutnytting i mindre einingar er ein del av forklaringa på kvifor utgiftene pr. barn er høgare i Vinje. Ein gjev òg tilbod til fleire barn i den yngste aldersgruppa.

Barnehagane har samarbeidd om ein del felles satsingar i kommunen.

Hakkespetta og Edland barnehage har delt sine erfaringar med "Fiskesprell" med barnehagar i Telemark og med Folkehelsa. Hakkespetta hadde opning av ny avdeling med stor feiring.

Planane for ny barnehage i Øyfjell er vedtekne. Øyfjell oppvekstsenter hadde eit anna ønskje om utforming av barnehage enn det som vart vedtatt.

Det er problem med å skaffe nok personell med godkjent førskulelærerutdanning til fleire av barnehagane. Dei har difor hatt dispensasjon frå kravet om førskulelærerutdanning på ein del stillingar. Vinje oppvekstsenter har hatt størst problem.

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagen	171 465	137 137	137 306	133 266
Netto driftsutgifter i barnehagen i % av kommunens netto driftsutgifter	8,5	3,5	2,5	2,9
Korrigerte brutto driftsutg. til styrkt tilbod pr. barn som får ekstra ressursar	14 100	57 697	59 589	66 435
Netto driftsutg. til barnehagar pr. innbyggjar 1 – 5 år	93 027	33 019	18 591	17 383
Del av barn 1-5 år med barnehageplass %	96,2	90,3	89,3	88,5
Del av barn 0-5 år med barnehageplass %	83,3	76,7	76,0	74,1
Del av pedagogisk personale med godkjent førskulelærerutdanning	72,4	81,1	89,2	83,9
Fordeling av finansiering for kommunale plassar:				
Opphaldsbetaling i %	7,7	14,9	15,6	16,3
Statstilskott i %	30,9	53,6	49,4	53,4
Kommunale driftsmidlar i %	61,5	31,4	35,0	30,3

Mål og måloppnåing for barnehagane 2009

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Brukartilpassa barnehage	Brukarane er fornøgde – målet er nådd
Full barnehagedekking	Målet er nådd når ein ser kommunen under eitt, men ein-skilde barnehagar har for liten kapasitet
Rett til barnehageplass	Alle som har rett til barnehageplass
Auka kvalitet ved auka pedagogtett-leik	Ikkje i mål i alle barnehagane.
Entreprenørskap	Vert arbeidd med kontinuerlig og er eindel av barnehagens arbeidsmetode
Implementere "Plan for språkstimulering og lese- og skriveopplæring"	Igangsett. Etablert språknettverk for alle barnehagane i Vinje.



I samband med at Edland barnehages 20 års feiring vart det planta eit jubileumstre



Ordføraren opnar ny avdeling i Hakkespetta barnehage

HELSE OG OMSORG

Helse- og omsorgstenestene er eit samleomgrep på all kurativ og førebyggjande helseteneste, sosialteneste, heimeteneste, eldreomsorg, ansvar for funksjonshemma og kjøkendrift. Eit godt samarbeid mellom tenestene er naudsynt for å få til ei heilskapeleg tenestekjede.

Vinje helse

- Legetenesta
- Helsesystemtenesta
- Fysioterapi
- Psykiatri

Helsetenesta

Vinje brukar svært mykje pengar på kommunehelsetenesta målt pr. innbyggjar i høve til dei fleste andre kommunar. Ein høgare personellfaktor av fagfolk og ei desentralisert teneste gjer at kostnadane blir høge. Sjukefråvær av helsepersonell har ført bruk av dyre vikarbyrå dette året. Sjukerefusjonen dekkjer ikkje fullt ut lønningar til høgslønte.

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar	6 329	4 060	2 439	2 161
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar	4 679	3 065	1 940	1 715
Årsverk av komm. fysioterapeutar pr. 10 000 innbygg.	9,9	7,1	6,5	7,1
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-5 år.	11 023	9 063	7 135	5 889
Helsestasjons- og skulehelseteneste				
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar	12,9	10,7	8,6	7,8

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Bygge og etablere omsorgsbustader saman med Vinje heimetenester	Prosjektet er ikkje i rute, og det skaper utfordringar for psykiatritenesta.
Oppretthalde lavterskeltilbod for alle aldersgrupper innan psykisk helse.	Igangsett
Miljøarbeid på skulane og fritidstilbod etter skuletid.	Psykiatriske sjukepleiarar og helsesystemer har etablert seg ute på skulane. Vinje helse er med på nokre tiltak som er sett i verk i SLT-planen.
Utviding av stasjonær sjukepleiar i helga på legevakt.	Ok
Evaluering og redusering av svarteneste frå Helse Blefjell.	Ok
Etablering av røntgen og samhandlingsavtale for tolking av bildar, saman med Sjukehuset Telemark i løpet av 2009.	Det meste er klart, men vi manglar eit godt rom. Det tas opp i gruppa som skal sjå på lokalitetane i helse og omsorg.
Plan for trening på samhandling i akutt situasjonar saman med ambulanse.	Ok
Intern opplæringsplan internundervis-	Eininga har ikkje nådd dette mål.

ning/rettleiing	
Samarbeide med Vinje sjukeheim om å få på plass ein prosedyre som sikrar god kvalitet på legetilsyn på sjukeheim.	Ikkje gjennomført.
Oppretthalde og eventuelt utvide tilbodet om friskvern.	Tildela midlar frå fylkesmannen til utviding og vidareutvikling av friskvernstilbodet.
Være med på samarbeidsprosjektet "Jordmor der mor bur" i samarbeid med Tinn og Tokke kommune, samt med Helse Blefjell og Sjukehuset Telemark.	Prosjektet fortsetter i 2010. Det er frå 01.01.10 varsla forandring i fyljetenesta til jordmor. Ansvar skal då ligge hos Helseforetaket, det vil si Sjukehuset Telemark.
Samordning av legetenesta.	Utfordringar med omsyn til drift av legetenesta, mellom anna rekruttering. Saka har vært tatt opp i OVU og ein skal laga ei sak til utvalet. Driftsproblematikken er ein tidstyv for andre oppgåver, som ikkje blir gjort i eininga.

Sosialtenesta

Utbetalingar ligg under NAV-Vinje. Seiste året har utbetalingar til sosialhjelp gått ned. Årsaka er fleire verkemidlar, slik som kvalifiseringsprogram og innhenting av refusjonar. Det har og vore vakanse i stillingar. Kommunen kan no sjå effektar av NAV-reforma.

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like Telemark kommunar	Landet
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 20-66 år	2 653	2 008	2 437
Tal på innbyggjarar 20 – 66 år som har motteke økonomisk sosialhjelp i %	4,9	4,7	4,0
Årsverk i sosialtenesta pr. 1000 innbyggjar	0,69	0,82	0,97
Netto driftsutgifter til råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid pr. innbyggjar, 20-66 år	1 438	922	873
Brutto driftsutgifter pr kommunal brukar, kr	28 689	26 304	35 540

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Kvalifiseringsprogrammet skal bidra til å hjelpe personar som står langt frå ordinært arbeid ut av sosialhjelp over til ordinært arbeid over tid. Målet har vore 11 personar	I høve til folketalet er målalet for Vinje sett høgt, og ein har jobba mykje for å nærme seg dette, med fagleg bistand frå prosjektet. Ved 2. tertial var 4 i programmet, ved utgangen av året 8.
Bustadsosialt arbeid.	Oppfylgning av bustadsosialt arbeid gjennom samarbeid på tvers av fleire einingar. Bustader til hard bruk er no inne i økonomiplanen. Det er framleis vanskeleg å finne bustader for vanskelegstilte, og lite sirkulasjon.
Auke kvalitet i sakshandsaming i saker etter sosialtenestelova jf. Revisjonsrapport sosial.	Som fylgje av NAV-reforma er arbeidsevnevurdering innført. Dette bidreg til auka kvalitet i sakshandsaming.
Oppbygging av internkontroll på kommunal side	Arbeidet her er godt i gang, men lagsiktig arbeid som òg forpliktar andre partar.

Barnevernstenesta

Barnevernet var, som eit prøveprosjekt, etablert som eit IKS. Kommunaldepartementet av slo vidare drift då det ikkje var i samsvar med barnevernslova. Barnevernet er framleis organisert som eit samarbeid mellom alle dei 6 kommunane i Vest-Telemark, men nå med Kviteseid som vertskommune frå 2009.

Talet på meldingar til barnevernet var det same som i fjor. Men ein opplever det som positivt at fleire av meldingane kjem frå skular, barnehagar og helsestasjonar enn før. Tidlegare har dei flest meldingar kome frå politiet.

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutgifter til saman pr innbyggjar	1 140	1 632	1 262	1 250
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 0-17 år	5 241	7 356	5 870	5 376
Andel netto driftsutgifter til sakshandsaming %	41,9	33,4	31,9	34,4
Andel netto driftsutgifter til barn som bur i sin opprinnelege familie %	24,8	16,9	17,0	15,6
Andel netto driftsutgifter til barn som bur utanfor opphavlege familie %	33,3	49,7	51,1	50,0

Pleie- og omsorgstenesta

Vinje sjukeheim

Sjukeheimen er sentralinstitusjon for heile Vinje med 41 plassar. Målet framover for sjukeheimen er å spisse sjukeheimsfunksjonane i tråd med vedteke styringsdokument og samhandlingsreforma som blir lagt fram i april 2010.

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Tenestetildeling: bidra til utvikling av gode rutinar for samarbeid, fleksibilitet og med mål om best mogeleg ressursutnytting.	Gjenstår noko arbeid. Det er vanleg å velje eit høgare nivå på tenestene enn fagleg nødvendig, fleksibilitet i forhold til kortvarig behov blir då mindre.
Slutføre prosjekt: Utvikle gode samarbeidsrutinar med sjukehuset Blefjell – sommar 09	Prosjektet er avslutta og samarbeidsavtalen er underskrevet.
Utvikle gode samarbeidsrutinar med Sjukehuset Telemark (HF)	Det blir arbeida for at samarbeidsavtalen med Blefjell også skal gjelde ST.
Reetablere kvalitetsutvalet, med det mål å utvikle og oppdatere kvalitetssystemet for sjukeheimen slik at desse er tilpassa dagens behov.	Ok.
Etablere tettare samarbeid mellom sjukeheim og heimetenester – arbeide saman for best mogeleg bruk av ei felles merkantil ressurs.	Ok
Profil: Innføring av versjon 6.50, som inneber vesentlege endringar i høve til dagleg dokumentasjon.	Profil blei oppgradert direkte til versjon 6.61. Det blei ein større og meir krevjande gjennomføring enn forventa, og opplæringa i denne versjonen gav store ekstrakostnader.
Kompetanseutvikling	Mange deltek i ulike kurs og tar vidareutdanning.

Vinje heimetenester

har ansvaret for all heimeteneste i Vinje kommune, med basar for heimeteneste i Vinje, på Edland og Rauland. Avdeling for funksjonshemma og dagsenteret ligg administrativt plassert i Åmot.

Det er ein stor eining med mange komplekse tenester.

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Leggje til rette for gode og kjende tenester.	Heimetenestene har i det alt vesentlege gode tenester og nøgde brukarar. Samstundes arbeider vi med rammer for tenestetildeling og informasjon til brukarane.
Betre styring og bruk av økonomiske ressursar.	Eininga har eit meirforbruk på 3,4 millionar i 2009. Årsaka til dette er mellom anna utfordrande drift i avdeling for funksjonshemma og høgt sjukefråver i to avdelingar. Tiltak sett i gang
Reduksjon av små stillingar	Dette arbeidet er i gang
Tiltak i høve til å dekkje opp med ferievikarar	Det er no laga retningslinjer og bonusordningar, som har hatt ein positiv effekt.
Kartlegging av kompetanse og kompetanseheving	Arbeidar kontinuerleg med dette. Eininga søker nye midlar for vidareføring av arbeidet også i 2010.
Samlokalisering av avdeling for funksjonshemma	Har vore arbeid mykje med alternative stader for samlokalisering. Vore til politisk handsaming i 2009 – og skal opp att i 2010

KOSTRA-tal for pleie- og omsorgstenesta

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Korrigert brutto driftsutgifter pr. mottakar av kommunale pleie- og omsorgstenester	417 898	516 888	371 409	470 709
Netto driftsutgifter til pleie- og omsorg i institusjonar pr. innbyggjar	22 933	18 670	14 652	13 105
Mottakarar av kjernetenester til heimebuande, pr. 1000 innbyggjarar 0-66 år	18	23	23	19
Mottakarar av kjernetenester til heimebuande, pr. 1000 innbyggjarar 67-79 år	94	107	88	83
Del innbyggjarar 80 år og over som bur på institusjon i %	14,3	15,1	13,6	14,1
Del sjukeheimsplassar av totalt tal på institusjonsplassar i %	100	94,8	100	96,3

Vinje kjøkkendrift

Kjøkkenet er sentralkjøkken for Vinje kommune og leverar mat til sjukeheimen, heimebuande, skular og til servering i kommunal regi.

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Kjøkkenets kvalitetskrav	Ok
Redusere støy frå maskiner og utstyr	Ikkje nådd, avhengig av auka ramme for flytting av kompressorar og andre kjelde til støy ut av kjøkkenet.

TEKNISK DRIFT


Drift – og vedlikehald

Eining for Teknisk drift og vedlikehald (TDV) tek seg av drift og vedlikehald av kommunale anlegg, vegar, vass- og avløpsanlegg, renovasjon, badevakter og beredskap. Dei har òg ansvaret for små og store utbyggingsprosjekt som krev ulik kompetanse i eininga.

Vedlikehaldstrongen er framleis stor og ein slit med store etterslep. Vedlikehaldspakka frå regjeringa gjorde til at ein fekk utført både vedlikehald og småutbetringar rundt i kommunen.

Beredskap

Kommunen har mange utrykkingar i året på grunn av E 134 som gjeng gjennom kommunen. Men samla sett har utrykkingar gått ned. Talet på utrykkingar gjeld både brann- og redningstenesta samla.



Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Finansiell dekningsgrad vatn, pst.	51	91	93	99
Finansiell dekningsgrad avløp, pst.	67	87	102	99
Finansiell dekningsgrad avfall, pst.	97	100	103	100
Del av innbyggjarar som er knytte til kommunal vassforsyning, pst.	45,6	77,2	90,2	85,6
Del av innbyggjarar som er knytte til kommunal avløps-teneste, pst.	53,4	66,8	83,1	83,8
Årsgebyr 2009 (kr)				
Vatn	2 103	2 814	2 520	2 623
Avløp	3 388	2 785	3 456	3 043
Renovasjon	2 156	2 477	2 118	2 296

Samferdsel

Kommunale vegar sorterer under Teknisk drift, men trafikkplanar og høyringar ligg under Økonomi, plan og utvikling (ØPU). Kommunen har eit omfattande vegnett, men brukar mindre pr. km. veg enn gjennomsnittet i fylket og i landet.

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter i kr pr km. kom. veg/gate	58 518	65 588	95 252	106 424
Kommunale vegar pr 1000 innbyggjar, km	23,3	22,9	10,7	8,8
Private vegar det blir gjeve kom. tilskot til %	9,4	5,2	8,9	4,7

Reinhald

Alt reinhald er organisert i eiga eining med arbeidstakarar som arbeider på alle kommunale anlegg. Kommunen har òg eige vaskeri på sjukeheimen. I september blei det tilsett ny reinhaldsleiar.

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Samhald i eininga – felles mål	Det er gjennomført 2 dagars kurs i personalutvikling i juni og ergonomikurs i september. Elles har det vore samling til jul og sumar.
Organisering av eininga ved fråvær	Gjennomført ved nokre bygg, ved andre bygg har fråværet vore så stort at det er sett inn vikarar og gjennom det blitt vanskeleg å organisere.
Profilering av eininga	Kjøpt inn nye klede, men ikkje investert i nytt utstyr og maskiner.
God økonomistyring	Det har vore underskot i eininga dette året også, skyldast blant anna stort sjukefråvær.
Fokus på samhald, teamarbeid, jobbrotasjon og sosiale samlingar	Nokre avdelingar har kome i gang med teamjobbing og rullering, men ein har ikkje kome i mål med dette arbeidet.

ENØK

Det har vore avsett ENØK-midlar som private husstandar og næringsdrivande kunne søkje på. Tilskota blei brukt opp tidleg i 2009.

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Ha gode vedlikehaldsplanar	Planar er i gang og ein har begynt å ta att ein del etterslep på vedlikehaldet.
Gjennomføre dei store investeringane som er vedtekne i kommunestyre	Bli gjennomført, men ein del tek noko lenger tid på grunn av stort arbeidspress i eininga
Halde god økonomistyring	Effektivisering av drifta og synleggjering av utgifter og auken i utgifter har vore prioritert. Blei eit underskot på årets drift, men dette er i hovudsak prisauken på straum. Utan straumunderskotet, så gjeng drifta i balanse.
Ha fokus på opplæring	Opplæring er ein kontinuerleg prosess, men ein dekkjer opp dei fleste behova etter kvart.
Fokus på HMS-arbeidet	Vi nyttar HMS-systemet og gjennomfører faste vernerundar. Vidare arbeid med å styrkje HMS-systemet i grensegangen mellom kommunen og innleigde aktørar.

KULTUR

Overordna mål

Eining for kultur skal fylgje opp kulturlova, kommunale vedtak og interne prioriteringar. Kultureininga er ansvar for kulturskulen, bibliotek, ungdomsklubbar, flyktningarbeid, tilskipingar, eldresenter m.m.

Vinje vart kåra til årets kulturkommune i Noreg. Dette er ei kåring som vert gjort annankvart år. Det var offisiell mottaking av prisen på Stortinget. I Vinje var det ein stor fest i to heile dagar på Vinjehuset. Raulandshallen blei offisielt opna med aktivitetar, underhaldning og dans fyrste helga i november.



Det var ei storstilt feiring av utnemninga til årets kulturkommune der lag og organisasjonar viste seg fram på ulikt vis.

Her er det eit ungt publikum som ventar på Sirkus Sibylla i samband med markeringa..

Kulturskulen

Kulturskulen har eit stabilt elevtal, men det er ein tendens til ein liten auke. Årsaka til auken er i fyrste rekke utviding av fagtilboda til òg å omfatte teater og dette er ei stor gruppe.

Kulturhistorisk arkiv

er plassert på Raulandsakademiet, her finn ein 120 privatarkiv det kommunale arkivet er flutt til IKA Kongsberg.

Kulturstipend


Kulturstipendet for 2009 vart tildelt Ingebjørg Harman Bratland og Sindre Høgset

Kulturprisen

Kulturprisen for 2009 vart tildelt Terje Håkonsen.

Bibliotek

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og Edland.



Utlån av alle media, ikkje berre bokutlån, syner at Vinje ligg høgare enn gjennomsnittet i fylket og i landet, men lågare enn samanliknbare kommunar.

Litteraturdagane i Vinje

Litteraturdagane i Vinje er arrangert i tett samarbeid med kultur. Litteraturdagane vart i 2009 utvida med ein kultur/litteraturdag for ungdomsskulen. I 2009 var aktørane forfattar Tore Renberg og filmen "mannen som elsket Yngve" og Marjit Vinjerui band. Hovudtema på litteraturdagane var "Diktarmøte".

Haukeliseterfestivalen

Haukeliseter er no ei stifting der kommunen er vertskommune og sit med leiaren.

Flyktningar

Eininga har i samarbeid med rådmannsteamet og andre einingar lagt til rette for mottak av 10 nye flyktningar i 2009. I mangel på bustader har ein ikkje fylt kvote for dette året, men gjer dette etter kvart som ein kan stille med bustader. Det er òg vedteke å sette ned eit utval som skal arbeide med langsiktig planlegging av flyktningarbeidet.

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Utvida fagtilbod i kulturskulen. Samspelprosjekt	Med utvida musikk- og samspelutstyr har dette resultert i ein eksplosiv auke i band / grupper.
Få opp lånestatistikken på biblioteka	Utlånet aukar. Resultatet har kome etter arbeid med ulike arbeidsmetodar.
Auka besøk på biblioteka	Besøkstalet har auka. Tiltak har vore fleire tilbod saman med Vinje folkeakademi
Datakurs for seniorar	Gjennomførde
Utvikle den kulturelle skulesekken	Det er eit godt samarbeid kultur – skule. Hatt fleire turnear frå Folkeakademiet.
Fellestilskipingar for ungdom frå heile kommunen	Det er gjennomførde konsertar, sommarcamp, litteraturleir, dansekurs, ungdomskonsert og vårball.
Auka besøk på biblioteka	Besøkstalet har auka. Tiltak har vore fleire tilbod saman med Vinje folkeakademi
Datakurs for seniorar	Gjennomført
Mottak av ti nye flyktningar	Ikkje innfridd heilt på grunn av mangel på husvære, men me tok imot sju.

Kunstformidling	Det er laga retningslinjer for utsmykking. Rauland kunstforening har fått stønad til heilårsdrift.
Gje ut kulturkalender vår og haust	Gjennomført
Kulturårshjulet	God ordning for dei 14 laga som er med
Får til møteplassar i kommunen	Stimulerar til møteplassar i samarbeid med Laga i Kommunen
Søknad om Spelemidlar / godkjenning av anleggsplan	Anleggsplanen er godkjent. Vinje har inne fleire store søknadar. Det er langt etterslep på tildeling av midlar.
Mottak av ti nye flyktningar	Ikkje innfridd heilt på grunn av mangel på husvære, men me tok imot sju.

Offisiell opning av Raulandshallen



VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

Fellesrådet har stort sett oppnådd dei måla som vart sette i planane for 2009 når det gjeld vedlikehald av bygg å anlegg. Det som står att er tårnet på Grunge kyrkje på grunn av manglande godkjenning frå Riksantikvaren, saka er anka til bispedømet.

Av særskilte saker i 2009 nemner årsmeldinga frå fellesrådet tilsetting av ny sekretær på kyrjekontoret. Aud Eli Undheim vart tilsett frå 6. april etter at Tone Liv Kjellingtveit sa opp stillinga si frå 25. mars.

Fellesrådet melder om god økonomistyring, og takkar dei tilsette for at dei kan oppretthalde ei godt tenestnivå, ut frå dei økonomiske rammene.

Det var val av nye sokneråd og fellesråd hausten 2009, dett var ei prøveordning med val samstundes med stortingsvalet, som ei lekk i kyrkja si demokratireform. Gjennomføringa av valet gjekk greitt, men vart arbeidskrevjande, valdeltakinga i Vinje var på ca 16 %.

Nye sokneråd og fellesråd kom på plass innan tidsfristane som vart sett.

Utvalde Kostra-tal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutgifter per innbyggjar	875	911	544	486
Netto driftsutgifter til kyrkjeformål i % av samla netto driftsutgifter	1,6	1,8	1,4	1,3
Deltaking i gudstenester sun- og heilagdag pr. innb.	1,6	1,6	1,1	1,1
Medlem av Dnk i % av antall innb.	85,3	89,3	79	82
Konsertar og kulturarrangement pr. 1.000 innbyggj.	4,9	3,7	2	2,3

Tabellen syner god aktivitet i kyrkjene. Samstundes er overføringane til kyrkjeleg fellesråd framleis noko lågare enn i kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.

Mål for 2009

Måloppnåing 2009

Kart og gravregistrering	Arbeidet er i gang og forventast ferdig sommaren 20
Nesland kyrkjegard	Utvidinga av kyrkjegarden er ferdig og klar til å takast i bruk, den vart vigsla av Prost Øyvind Jørgensen i samband med familiemesse i Nesland den 6.september.
Nesland kyrkje – vedlikehald	Fullføring av lynvernanlegg samt etablering av rullestol-inngang
Møsstrond kyrkje – vedlikehald	Utvending måling, reparasjon og impregnering av tak, samt utbetring av roteskader på vindauge og tårn.
Grunge kyrkjegard – utviding	Utvida med 120 nye graver på austsida av kyrkja. Anleggsarbeidet vart ferdig sommaren 2009.
Øyfjell kyrkje – måling	Kyrkja er måla utvendig.